

Reglement for godtgjersle til kommunale folkevalde i Bømlo

1. Faste årlege godtgjersler

1.1. Ordførar:

- Godtgjersle til ordførar skal til ei kvar tid vera 100 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle. Med verknad frå 01.01.20.
- Det vert ikkje betalt godtgjersle til ordføraren for møte i kommunale organ.
- Ordførar skal ikkje motta godtgjersle for møte i organ der ordførar møter i kraft av vervet sitt.

1.2. Varaordførar:

- Godtgjersle til varaordførar skal i valperioden vera 60 % av ordføraren si godtgjersle.
- Det vert ikkje betalt godtgjersle til varaordføraren for møte i kommunale organ.
- Varaordførar skal ikkje motta godtgjersle for møte i organ der varaordførar møter i kraft av vervet sitt.

1.3. Kommunestyret:

Medlemene i kommunestyret får ei fast godtgjersle pr. år, tilsvarande 1,25 % av ordføraren si godtgjersle.

Fråvere frå eitt møte fører til at godtgjersla vert redusert med same summen som møtande vara-representantar får i godtgjersle (sjå pkt. 2.1).

1.4. Formannskapet:

Medlemene i formannskapet får ei fast godtgjersle tilsvarande 3 % av ordføraren si godtgjersle.

Fråvere frå eitt møte fører til at godtgjersla vert redusert med same summen som møtande vara-medlemer får i godtgjersle (sjå pkt. 2.2).

1.5. Utvalsleiarar, gruppe I:

Leiarar i kommunale utval under gruppe I får ei godtgjersle tilsvarende 4 % av ordføraren si godtgjersle. Kva utval som kjem inn under gruppe I går fram av vedlegg til reglementet.

1.6. Utvalsleiarar, gruppe II:

Leiaren i eldrerådet får ei godtgjersle på kr. 650,- pr. møte.

Leiaren i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne får ei godtgjersle på kr. 650,- pr. møte.

Leiar i ungdomsrådet får ei godtgjersle på kr. 650,- pr. møte.

Leiar i naturbruksutvalet får ei godtgjersle på 1,5 % av ordføraren si godtgjersle.

Kronebeløp vert heva tilsvarende den relative hevinga av ordførargodtgjersla ved starten av kvar kommunestyreperioden, og godtgjersla er gjeldande for heile kommunestyreperioden.

Andre leiarar i kommunale utval under gruppe II skal ikkje ha fast årleg godtgjersle, men får møtegodtgjersle på lik linje med andre medlemmer.

1.7. Gruppeleiarar:

Gruppeleiarane i kommunestyret skal ha ei fast årleg godtgjersle frå kommunen. Godtgjersla skal utgjera 1,5 % av ordføraren si godtgjersle.

1.8. Leiar av kontrollutvalet

Leiar av kontrollutvalet skal ha ei fast årleg godtgjersle frå kommunen. Godtgjersla skal utgjera 4 % av ordføraren si godtgjersle.

2. Møtegodtgjersle

2.1. *Kommunestyret:*

Møtande varamedlemer i kommunestyret får ei møtegodtgjersle tilsvarande 1,25 % av ordføraren si godtgjersle for kvart møte.

2.2. *Formannskapet:*

Møtande varamedlemer i formannskapet får ei møtegodtgjersle tilsvarande 1,5 % av ordføraren si godtgjersle for kvart møte.

2.3. *Valstyre og røystestyre:*

Møtande medlemer og varamedlemer i valstyret får ei godtgjersle på kr. 1.000,- pr. møte. Same godtgjersler vert utbetalt til medlemene i arbeidsutvalet for møte i samband med kontroll og godkjenning av førehandsrøyster.

Møtande medlemer og varamedlemer i røystestyra får utbetalt ei godtgjersle på kr. 1.000,- pr. valdag. Leiarar i røystestyra får eit tillegg på kr. 350,- pr. møte.

Kronebeløp vert heva tilsvarande den relative hevinga av ordførargodtgjersla ved starten av kvar kommunestyreperioden, og godtgjersla er gjeldande for heile kommunestyreperioden.

2.4. *Utval, gruppe I:*

Møtegodtgjersla skal vera 1,25 % av ordføraren si godtgjersle for kvart møte.

Møte i **administrasjonsutvalet** vert halde i tilknytning til møte i formannskapet, og det vert derfor ikkje betalt eiga møtegodtgjersle.

Nestleiarar i kommunale utval i gruppe I får i tillegg til møtegodtgjersle 1,25 % av ordføraren si godtgjersle for kvart møte dei fungerer som leiar for.

2.5. *Utval gruppe II:*

Møtegodtgjersla skal vera 0,75 % av ordføraren si godtgjersle for kvart møte.

2.6. *Bortfall av møtegodtgjersle:*

Folkevalde som får fast årleg godtgjersle får ikkje møtegodtgjersle for same vervet.

3. Avrunding

Alle faste godtgjersler skal rundast av til næraste 500 kroner.

Alle møtgodtgjersler skal rundast av til næraste 50 kroner.

4. Vederlag for tapt arbeidsinntekt

4.1. *Rett til dekking av tapt arbeidsinntekt:*

Dersom kommunale verv medfører direkte tap i inntekt eller utgifter til vikar, barnepass o.l., så skal slike tap dekkjast av kommunen.

Merknad:

Ved utrekning av tapt arbeidsinntekt skal det i tillegg til reisetida reknast med ein time for førebuing-arbeid.

4.2. *Legitimerte tap:*

Legitimerte tap i arbeidsinntekt vert dekkja fullt ut mot stadfesting frå arbeidsgjevaren, likevel ikkje utover kr. 4.050,- for kvar dag.

Kronebeløp vert heva tilsvarande den relative hevinga av ordførargodtgjersla ved starten av kvar kommunestyreperioden, og godtgjersla er gjeldande for heile kommunestyreperioden.

4.3. *Ulegitimerte tap:*

Ulegitimerte tap i arbeidsinntekt og utgifter til vikar, barnepass o.l. vert dekkja mot eigenfråsegn, likevel ikkje utover kr. 2.000,- for kvar dag.

Kronebeløp vert heva tilsvarande den relative hevinga av ordførargodtgjersla ved starten av kvar kommunestyreperioden, og godtgjersla er gjeldande for heile kommunestyreperioden.

4.4. *Sjølvtendig næringsdrivande:*

1/1800-del av pensjonsgjevande inntekt frå siste likning avgrensa til 75 % av 1/1950 (timeløn) av ordførargodtgjersla. Dette gjeld for normal arbeidstid innanfor næringa. Arbeidstid vert i denne samanheng normalt definert til innanfor kl. 07:00 og kl. 17:00.

5. Telefongodtgjersle til ordfører og varaordfører

Ordføreren og varaordfører disponerer kommunal mobiltelefon.

Ordføreren og varaordfører får dekket det skattepliktige beløpet som dei vert pålagt pga kommunal mobiltelefon. Dette fordi ordføreren skal vera tilgjengeleg på lik linje som kommunedirektør og medlemmar i kommunedirektøren si strategiske leiargruppe.

6. Reise- og opphaldsutgifter

6.1. Rett til dekking av reise- og opphaldsutgifter:

Reise- og opphaldsutgifter i samband med kommunale oppdrag (her medrekna møte i kommunale styringsorgan) vert dekket av kommunen i samsvar med det kommunale reiseregulativet.

Det er likevel ein føresetnad at reisene vert samordna så langt råd er, t.d. ved at folkevalde frå same området nyttar same bilen.

Dei som bur utanfor kommunen, får dekket reise- og opphaldsutgifter etter billegast mogleg måte.

6.2. Mellombels opphald utanom kommunen:

Også folkevalde som på grunn av arbeid, militærteneste eller utdanning oppheld seg mellombels i ein annan kommune har rett til dekking av reiseutgifter til kommunale møte eller andre oppdrag.

6.3. Krav til attestasjon:

Krav om dekking av reise- og opphaldsutgifter til anna enn ordinære kommunale møte skal attesterast av ordføreren eller leiaren i vedk. folkevalde organ før dei kan tilvisast for utbetaling.

7. Utbetaling

7.1. Utbetalinger ein gong kvar måned:

Utbetaling av godtgjersle til ordførar og varaordførar skjer ein gong kvar måned.

7.2. Utbetalinger to gonger i året; juni og desember:

Alle andre godtgjersler etter dette reglementet, likevel slik at dekking av tapt arbeidsinntekt og reise-godtgjersle kan krevjast utbetalt etter kvart, seinast innan 1½ måned

8. Pensjon

8.1. Rett til pensjon:

Folkevalde som vert frikjøpte og får godtgjersle tilsvarande 20% stilling eller meir har rett til pensjonsordning.

8.2. Omfanget av pensjonsordning for folkevalde:

Pensjonsordninga for kommunen sine folkevalde skal følgje den ordninga som gjeld for stortingsrepresentantar og regjeringsmedlemmer i samsvar med lov av 16.12.2011 nr. 60.

Endringa skal gjelde frå 01.01.2014.

9. Forsikringsytingar

9.1. Gruppelivsforsikring:

Folkevalde som vert frikjøpte og får godtgjersle tilsvarande halv stilling eller meir, skal ha gruppelivsforsikring med same ytingar som kommunale arbeidstakarar har rett til etter § 10 i Kommunal hovudtariffavtale.

9.2. Erstatning ved yrkesskade/yrkessjukdom:

Folkevalde som vert frikjøpte og får godtgjersle tilsvarande halv stilling eller meir, skal ha erstatning for yrkesskade/yrkessjukdom med same ytingar som kommunale arbeidstakarar har rett til etter § 11 i Kommunal hovudtariffavtale.

9.3. Reiseforsikring:

Folkevalde som vert frikjøpte og får godtgjersle tilsvarande halv stilling eller meir, har rett til kommunal reiseforsikring som skal omfatta alle reiser som vert utførte på vegne av kommunen.

10. Etterløn/sluttvederlag

10.1. Ettergodtgjersle:

Folkevalde som vert frikjøpte og får godtgjersle som tilsvarar halv stilling eller meir, kan søkja om følgjande ettergodtgjersle når valbolken er over:

- a) Godtgjersle for 1½ månad dersom vedkomande går inn i ny stilling.
- b) Godtgjersle for 3 månader dersom vedkomande ikkje går inn i ny stilling.

10.2. Plikt til å stå til rådvelde for kommunen:

Ved utbetaling av ettergodtgjersle etter bokstav b ovanfor, har ordføraren plikt til å stå til disposisjon for kommunen til politiske oppgåver (t.d. som rådgjevar for ny ordførar, politisk "rekneskap" o.l.). Desse pliktene skal ikkje vera så omfattande at dei hindrar den tidlegare folkevalde i aktiv jobbsøking, etablering av næringsverksemd o.l.

11. Godtgjersle under sjukdom

Godtgjersle til folkevalde som får godtgjersle tilsvarande halv stilling eller meir, får utbetalt den faste godtgjersla dei har rett til etter dette reglementet, også under sjukdom. Denne retten er avgrensa til valbolken vedkomande er vald for. Sjukepengar frå folketrygda skal tilfalla kommunen, ev. koma til frådrag i utbetalt godtgjersle.

Godtgjersle under sjukdom fell i alle tilfelle bort dersom vedkomande etter søknad vert endeleg fritaken frå vervet, eller får utbetalt alders- eller uførepensjon. Ved delpensjon skal godtgjersla reduserast i same omfang som pensjonen.

Gruppeinndeling av kommunale utval

Gruppe I:

- Administrasjonsutvalet
- Utval for levekår
- Utval for areal og samferdsel
- Kontrollutvalet
- Temadagar
- Ad hoc-utval oppretta av kommunen

Gruppe II:

- Eldrerådet
- Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
- Ungdomsråd
- Namnenemnda
- Naturbruksutvalet
- Frivilligsentralen
- Andre folkevalde organ etter godkjenning av ordføraren i kvart enkelt tilfelle

Dette reglementet er vedteke av Bømlo kommunestyre første gong i møte 29. september 2003, seinare revidert i kommunestyret sine møte 16.06.2008, 03.03.2009, 23.09.2013, 30.09.2019 og 11.12.2023.

Reglementet kan berre endrast eller opphevast av kommunestyret sjølv.